



Opus Bergen AS

Referanser:

Dykkar: Kari Olrich Sørebo

Vår: 15/1103 - 15/14539

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen

anne.lise.olsen@meland.kommune.no

21.07.2015

## Ang. tilkomst til planområdet - del av Mjåtveitmarka

Me viser til din e-post av 17.7.2015.

De ynskjer at me forklarar litt kvifor g/s-veg 1, ikkje etter administrasjonene sitt syn er ei ønska vegutløysing for nytt bustadområde.

Veg 1,3 er i dag ein offentleg veg som i første omgang fører til offentleg gang/sykkelveg nr. 1, men som også er tilkomstveg til B11. Vegen er planlagt 4 meter brei, og er planlagt som tilkomst til dei 3 eigedommane som ligg innafor B11.

Offentleg gang/sykkelveg nr. 1 skal fungere som ein trygg gang/sykkelveg for almenta. Gang- og sykkelvegar i planområdet er generelt kun opne for naudsynt køyring til og frå eigedomane som har tilkomst via desse, der eventuelle fartsdumpar, skilting av fartsdumpar, mm. kan vurderast, jf. føresegner § 7.2.

Dersom Veg 1,3 og offentleg gang/sykkelveg nr. 1 skal fungere som tilkomst til eit nytt bustadområde som de her planlegg, så vil det generere ein god del auka trafikk på desse vegane, og vegane vil ikkje i same grad fungere som trygge for gåande eller syklende. Dette kan medføre at det må vurderast tiltak for å trygge vegenane for mjuke trafikantar.

Dersom ein under planlegging av nytt bustadområde finn at det er nødvendig med meir areal langs den offentlege vegen, for å sikre mjuke trafikantar, så kan det verte ei utfordring å få til her. Dette fordi det ligg bustadområder tett inntil veg 1,3 på begge sider.

Administrasjonen meiner at nettopp desse utfordringane vil verte aktuelle, og at ein difor må finne ei alternativ vegutløysing til området som de vil omregulere.

Me kan gjerne drøfte temaet dersom de ynskjer det. Ta då kontakt med oss for å avtale møte.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen  
Fagansvarleg Plan

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Opus Bergen AS